



## Notat

Dato: 07.03.2019  
Arkivsak: 2017/13387-33  
Saksbehandlar: LINFARI

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Forvaltningsrevisjon fråfall vidaregåande opplæring - oppfølging

## Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon om fråfall i vidaregåande opplæring

Fylkesrådmannen viser til vedtak i fylkestinget 11.12.18 i sak om forvaltningsrevisjon om fråfall i vidaregåande opplæring:

«Kontrollutvalet registrerer at kompleksiteten i denne revisjonsrapporten er betydeleg. Innhenting av informasjon har vore krevjande. Rapporten synleggjer også nyansar og kompleksitet som ligg innebygd i tilrådingane. På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring ber fylkestinget fylkesrådmannen:

1. Sikrar at registrering av sluttårsak i størst mogleg grad er korrekt, slik at ein får så få feilkjelder som mogleg.
2. Sikrar at det blir gjennomført systematiske analyser av fråfallsårsaker, karakteristika som påverkar fråfallet, og skulebidragsindikatoren ved den enkelte skule, for å få eit betre grunnlag for iverksetting av målretta tiltak.
3. Gjer systematiske analyser av årsaker til heving av lærekontraktar per fagområde, for å få eit betre grunnlag for målretta tiltak.
4. Sikrar at fråfallsførebyggjande tiltak på den enkelte skule blir systematisk evaluert.
5. Vurderer å leggje ytterlegare til rette for erfaringsdeling og deling av beste praksis når det gjeld arbeid med fråfall.
6. Analyserer årsaken til at det er begrensa bruk av midlar til særleg oppfølging og/eller tilrettelegging for lærlingar, og vurderer eventuelle tiltak.
7. Arbeider for å avklare og tydeleggjere ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora når det gjeld oppfølging av lærebedrifter som er medlem av opplæringskontor.

8. Vurderer tiltak for å få betre oversikt over, og kome tidlegare inn i, saker der det er utfordringar i eit lærlingforhold som medfører risiko for heving av kontrakt.

9. Sikrar at OT, og eventuelle andre relevante aktørar, blir involvert i oppfølging av saker der det er risiko for heving av lærekontrakt

10. Å lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.19 som viser kva tiltak som skal setjast i verk og kven som vil ha ansvar for iverksetjinga

11. Alle tiltak som vert sett i verk for førebyggje og redusere fråfall bør evaluerast»

## HANDLINGPLAN FOR OPPFØLGING AV VEDTAK I FT 11.12.18

### 1. Sikrar at registrering av sluttårsak i størst mogleg grad er korrekt, slik at ein får så få feilkjelder som mogleg.

Tiltak	Ansvarleg
Gå i dialog med Utdanningsdirektoratet om kategoriar knytt til registrering av fråfall	Seksjonsleiar skule
Gjennomgå mal for avklaringssamtalar og oppfølging av rutinar knytt til gjennomføring avklaringssamtalar	Regionleiar og leiar OT
Samarbeid med omboda om utarbeiding av skjema og rutinar kring avklaringssamtalar med mål om avdekke om sider ved skulemiljøet er mogleg årsak til at elevar sluttar	Leiar OT/PPT i samarbeid med omboda

### 2. Sikrar at det blir gjennomført systematiske analyser av fråfallsårsaker, karakteristika som påverkar fråfallet, og skulebidragsindikatoren ved den enkelte skule, for å få eit betre grunnlag for iverksetting av målretta tiltak.

Tiltak	Ansvarleg
På skulenivå: Gjennom den årlege tilstandsrapporten frå skulane	Seksjonsleiar skule/regionleiarane
På skuleigarnivå: <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Rettleie skulane og støtte dei i arbeidet med å analysere data</li> <li>2. Utvikle og utarbeide betre samla oversikter gjennom kvantitative data og kvalitative vurderingar frå skulane.</li> </ol>	Seksjonsleiar skule
Sikre at slike analyser vert tema i dei årlege skulebesøka	Seksjonsleiar skule/regionleiarane

**3. Gjere systematiske analyser av årsaker til heving av lærekontraktar per fagområde, for å få eit betre grunnlag for målretta tiltak.**

Tiltak	Ansvarleg
Det er behov for styrke kunnskapsgrunnlaget på dette feltet. På kort sikt vil fylkesdirektør opplæring vurdere korleis ein kan styrke analysearbeidet gjennom allereie tilgjengelege data i arbeid med kvalitetsmeldinga 2019	Seksjonsleiar fagopplæring og seksjonsleiar skule
På lengre sikt må kunnskapsgrunnlaget og kvalitetssystem utviklast vidare i nye Vestland fylkeskommune.	Fylkesdirektør opplæring

**4. Sikrar at fråfallsførebyggjande tiltak på den enkelte skule blir systematisk evaluert.**

Tiltak	Ansvarleg
Systematisk etterspørje intern evaluering av utviklingstiltak mot fråfall i skulane si årlege tilstandsvurdering og tilstandsrapport og i skulebesøka gjennom verksemdbasert system for skulevurdering.	Regionleiarane/seksjonsleiar skule
Styrke og oppmuntre til samarbeid med UH-sektoren når det gjeld utvikling og evaluering av utviklingstiltak. I 2019 vil ein prioritere å sikre at alle skular får ta del i deling av kunnskap og erfaringar frå det nasjonale forskingsprosjektet Complete.	Seksjonsleiar skule/regionleiarane

**5. Vurderer å leggje ytterlegare til rette for erfaringsdeling og deling av beste praksis når det gjeld arbeid med fråfall.**

Tiltak	Ansvarleg
Fylkesdirektør opplæring skal arrangere ein stor delingskonferanse i etterkant av forskingsprosjektet Complete hausten 2019	Seksjonsleiar skule/seksjonsleiar OT/PPT regionleiarane
Særleg vurdere kva konsekvensar erfaringane frå utprøving av nærværsteam i gjennom forskingsprosjektet Complete bør ha for alle skular i fylket. Skulane vil bli invitert til å drøfte korleis vi kan lære av forskingsprosjektet og korleis vi kan auke gjennomføringa gjennom betre intern samhandling og tettare samarbeid i elevtenesta på skulane.	Seksjonsleiar skule/seksjonsleiar OT/PPT regionleiarane

Regionale leiarsamlingar; Sikre at det årleg vert sett av tid i februar/mars til gjennomgang og drøfting av skule- og fylkesvise analysar av fråfallsdata og erfaringar med ulike tiltak.

Regionleiarane/seksjonsleiar skule

**6. Analyserer årsaken til at det er begrensa bruk av midlar til særleg oppfølging og/eller tilrettelegging for lærlingar, og vurderer eventuelle tiltak.**

Tiltak	Ansvarleg
Det vert sett ned ei arbeidsgruppe på tvers av alle seksjonane som vil få i oppdrag å undersøke grunnlag for spørsmålet og vurdere eventuelle årsaker.	Seksjonsleiar fagopplæring

**7. Arbeider for å avklare og tydeleggjere ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora når det gjeld oppfølging av lærebedrifter som er medlem av opplæringskontor.**

Tiltak	Ansvarleg
Det er starta opp eit arbeid med gjennomgang av internkontrollsystem, mottak av lærlingar, arbeidsavtaler, arbeidsmiljø m.m.. Det skal etter planen leverast ei politisk sak i april 2019.	Seksjonsleiar fagopplæring

**1. Vurderer tiltak for å få betre oversikt over, og kome tidlegare inn i, saker der det er utfordringar i eit lærlingforhold som medfører risiko for heving av kontrakt.**

Tiltak	Ansvarleg
Oppfølging av dette punktet vert ein del av tiltaket i punkt 8	Seksjonsleiar fagopplæring
Det er sett i verk ei utgreiing med mål om å gjennomføre eit pilotforsøk med varslingsystem for lærlingar som opplever mobbing/dårleg arbeidsmiljø, og system for oppfølging av varsel frå fylkeskommunen si side. Det er eit samarbeid mellom opplæringsavdelinga, HR og elev- og lærlingombodet.	Fylkesdirektør opplæring

**2. Sikrar at OT, og eventuelle andre relevante aktørar, blir involvert i oppfølging av saker der det er risiko for heving av lærekontrakt**

Tiltak	Ansvarleg
<p>Delprosjekt 1.2 Heilskap og kvalitet i opplæringa</p> <p>Delprosjekt 1.1 Rettleiingstenester. Dei framtidige rettleiingseiningane skal sikre ei samordna oppfølging av lærlingar.</p>	Fylkesdirektør opplæring

**3. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.19 som viser kva tiltak som skal setjast i verk og kven som vil ha ansvar for iverksetjinga**

Tiltak	Ansvarleg
Første handlingsplan utarbeidd pr.01.03.19	Fylkesdirektør opplæring

**4. Alle tiltak som vert sett i verk for førebyggje og redusere fråfall bør evaluerast**

Tiltak	Ansvarleg
Sikre at system for verksemdbasert følgjer opp tiltak under punkt 4 over	Seksjonsleiar skule

**Merknad Punkt 1**

Ny og revidert utgåve av Avklaringssskjema er sendt ut til alle skolane. Sluttårsaka vert ført på Avklaringssskjemaet, det er kodane som ein nyttar i extens som brukast. Men det er no satt av plass i skjemaet, slik at elevene kan utdjupe kva som er sluttårsaka. OT vil, saman med skulane, nytte denne informasjonen i det fråfalls førebyggjande arbeidet.

**Merknad Punkt 3**

Det er om lag 300 lærlingar kvart år som avbryt læreforholdet. Det er fleire kodar ein kan registrere hevingar under, og det er rom for feilrapportering. Det vil være naudsynt med systemattisk gjennomgang på individnivå, for å sjå bakgrunn for dei som avbryt. Dette inneber å kunne følgje ungdomane frå dei kjem inn i vgo, karaktergrunnlag, kva skule dei har gått på, og inngang til lære, fråvær, karakterar osv. I dag vert det gjennomført ein type risikovurdering der seksjon fagopplæring ser på bedrifter som har mange hevingar, og stryk på fagprøver. Det er i dag ikkje lagt til rette for eit system som ser heile den 4-årige opplæringa i samanheng. Fylkesrådmannen vil peike på at det er nettopp denne problemstillinga som er lagt til grunn for ny organisering av framtidige Vestland fylkeskommune. Gjennom etablering av rettleiingssenter er målet at lærlingane skal få ein tettare og meir samordna oppfølging. Seksjon for kvalitet i opplæringa vil få det overordna faglege ansvaret for å sikre ein tett oppfølging gjennom heile opplæringa.

**Merknad Punkt 9**

Fagopplæring og OT samarbeider om bedre rutinar slik at me når lærlingane som er i OT si målgruppe med Avklaringsamtaler. Her er og Elev og – lærlingombod invitert med i arbeidet. OT har det koordinerande ansvar for å få ungdom tilbake i opplæring, arbeid eller aktivitet.